

Planprogram

*Kommuneplanen sin samfunnsdel
Volda kommune 2021–2033*

Sist revidert 31.05.2021

Godkjent i kommunestyret 16.06.2021, sak 60/21



1 Innhald

1	INNHALD	s. 2
2	RAMMER OG FØRINGAR	s. 3
2.1	Om kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram	s. 3
2.2	Formålet med planen	s. 4
2.3	Nasjonale forventningar	s. 4
2.4	Regionale føringar	s. 6
2.5	Lokale føringar	s. 7
3	UTVIKLINGSTREKK	s. 9
3.1	Utvalte utviklingstrekk	s. 9
4	VISJON, VERDIAR OG PRIORITERTE BEREKRAFTSMÅL	s. 10
4.1	Visjon og verdiar	s. 10
4.2	Prioriterte berekraftsmål og aktuelle problemstillingar	s. 11
	Berekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla	s. 12
	Berekraftsmål 16: Fred, rettferd og velfungerande institusjonar	s. 13
	Berekraftsmål 13: Stoppe klimaendringane	s. 14
	Berekraftsmål 3: God helse	s. 15
	Berekraftsmål 4: God utdanning	s. 16
	Berekraftsmål 9: Innovasjon, industri og infrastruktur	s. 17
	Berekraftsmål 11: Berekrafrige byar og lokalsamfunn	s. 18
5	MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	s. 19
5.1	Organisering og opplegg for medverknad	s. 19
5.2	Framdriftsplan	s. 20
5.3	Vidare prosess	s. 20
5.4	Utgreiingar	s. 20

2 Rammer og føringar

2.1 Om kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram

Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:

“Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig.”

Om kommuneplanens samfunnsdel i plan- og bygningslova, § 11-2 og 11-3:


“Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen. Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.” For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, sjå figur 2.

Om planprogram i plan- og bygningslova, § 4-1:

“Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart.”

Planprogrammet si hovudoppgåve er å tydeleggjere kva som skal handsamast i kommuneplanen, avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om og å synleggjere kva kunnskap som er naudsynt for avgjerd om plan. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess og sikre god politisk forankring av planen slik at den kan bli eit styrande politisk dokument. Forslag til planprogram skal sendast på høring og leggest ut til offentlig ettersyn. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.



Figur 1: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet. Figur KS/Asplan Viak.



Figur 2: Kommuneplanprosessen.

2.2 Formålet med planen

Samfunnsdelen til tidlegare Hornindal kommune vart vedteke i 2004, og samfunnsdelen til tidlegare Volda kommune vart vedteke i 2016. I 2020 vart Volda og Hornindal kommunar slått saman, og det vart gjort ei grensejustering med Ørsta kommune, slik at bygdene Bjørke og Viddal også høyrer til i den nye kommunen. Etter kommunesamanslåinga er det behov for ein ny, felles kommuneplan for den nye kommunen. I Volda kommune sin planstrategi 2020–2021 vart det vedteke at ein skulle starte på ny samfunnsdel i 2021.

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune har vore på 2. gongs høyring. Planen omfattar alt areal innanfor tidlegare Volda kommune sine grenser. Tidlegare Hornindal kommune sin arealdel vart vedteke i 2004, og det er behov for revisjon. I planstrategien vart det vedteke at ein skal starte opp arbeidet med ein kommunedelplan for tidlegare Hornindal kommune, inkludert Bjørke og Viddal - før ein startar opp med ein felles arealdel for heile kommunen. Det er viktig med ein god kopling mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, og samfunnsdelen skal mellom anna innehalde arealstrategiar for kommuneplanen sin arealdel.

Samfunnsdelen vil også legge føringar for vidare arbeid med kommunedelplanar, temaplanar, handlingsplanar og økonomiplanen, jf. figur 1 s. 3. Det er eit mål i denne prosessen å få til ein sterkare og betre kopling til desse prosessane og dokumenta, slik at kommuneplanen sin samfunnsdel vert eit tydeleg strategisk styringsdokument, slik det vert lagt opp til i plan- og bygningslova. Volda kommune har begynt å ta i bruk Framsikt, eit digitalt verktøy for analyse, planlegging, budsjettering, rapportering og verksemdsstyring. Kommuneplanen sin samfunnsdel vil lagast i Framsikt og publiserast som ei webside.

Arbeidet med planprogrammet er leia av kommuneplanleggar. Planprogrammet har vore tema på fleire møte i kommunedirektøren sitt leiarteam, på planmøte og elles drøfta internt i organisasjonen. Planprogrammet har vore på høyring og kommunen mottok 18 høyringssvar. Planprogrammet er oppdatert etter dette. *Planprogrammet er fastsett av kommunestyret.*

2.3 Nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging 2019–2023

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ein berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunanes og kommunanes arbeid med planstrategiar og planar.


Fylgjande fire utfordringar er vektlagt i gjeldande forventningsdokument:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor forventa at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

FNs berekraftsmål som grunnlag for kommunal planlegging

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftmål er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd og god helse og stans tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og for å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærmast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er dei ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkninga. Regjeringa legg vekt på at arbeidet med å realisere berekraftmåla blir sikra brei forankring gjennom den regionale og kommunale planlegginga.



Figur 3: FNs 17 berekraftsmål og dei tre berekraftdimensjonane: økonomi, sosiale forhold og klima og miljø.

Andre nasjonale føringar

Sentrale lover og retningslinjer som legg føringar for kommunal planlegging:

- Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven).
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven).
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).
- Lov om friluftslivet (friluftsløven).
- Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven).
- Lov om jord (jordlova).
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven).
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv.
- Lov om kulturminner (kulturminneloven).
- Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven).
- Lov om nasjonal sikkerhet (sikkerhetsloven).
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova).
- Lov om skogbruk (skogbrukslova).
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven).
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (kgl.res. av 10.11.94).
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen.
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen (kgl.res. av 25.03.11).
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassning (kgl.res. av 28.09.18).
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (kgl. res. av 26.09.14).
- Berekraftige byar og sterke distrikt. Meld. St. 18 (2016–2017).
- Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner. Meld. St. 14 (2014–2015).
- Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords. Meld. St. 9 (2011–2012).
- Leve hele livet - En kvalitetsreform for eldre. Meld. St. 15 (2017–2018).
- Miljøkriminalitet. Meld. St. 19 (2019–2020).
- Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. Meld. St. 26 (2006–2007).
- Samfunnsikkerhet i en usikker verden. Meld. St. 5 (2020–2021).
- Nasjonal transportplan 2022–2033 (NTP).
- Forskrift om konsekvensutretninger for planer etter plan- og bygningsloven (FOR 2017-06-21-854).
- Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023: Rom for demokrati og dannelse.
- Nasjonal jordvernstrategi. Prop. 1 S (2018–2019).
- Retningslinje for behandling av luft i arealplanlegging (T-1520).
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).
- Handlingsplan mot forebygging av kriminalitet (2013–2016), Justis- og beredskapsdepartementet.

2.4 Regionale føringer

Regional planstrategi

Den regionale planstrategien er fylkeskommunen sitt overordna plandokument. Planstrategien inneheld ein gjennomgang av kva utfordringar og moglegheiter samfunnet Møre og Romsdal har, og kva planbehov dette gir. Planstrategien er bygd opp rundt FN sine 17 globale berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane; den miljømessige dimensjonen, den sosiale og kulturelle dimensjonen og den økonomiske dimensjonen. I tillegg vert berekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla, peika på som ein suksessfaktor for å lukkast. Planstrategien inneheld fire langsiktige utviklingsmål for fylket:

- Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid, samskaping og samstyring
- Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1
- Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu
- Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Regionale planar



Regionale planar kan gjelde for heile regionen, delar av regionen eller vere tematisk for meir avgrensa samfunnsområde. Fleire av dei regionale delplanane er relevante for Volda kommune:

- Fylkesplan 2021–2024
- Regional delplan for folkehelse
- Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde
- Regional delplan for klima og energi
- Regional delplan for attraktive byar og tettstadar
- Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion
- Regional delplan for kulturminne
- Regional delplan for museum
- Fagplan bibliotek

Berekraftfylket Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker å ta ei tydeleg rolle i å utvikle eit berekraftig samfunn for framtida, og har som mål å bli berekraftfylke nr. 1 i Noreg. Fylkeskommunen samordnar «Berekraftfylket Møre og Romsdal», der alle kommunane i Møre og Romsdal er med. Fagleg er «Berekraftfylket» ein del av «Det norske bærekraftløftet», eit nasjonalt samarbeidsforum for norske kommunar og fylkeskommunar som arbeider med berekraft, med basis i det FN støtta programmet U4SSC (United for Smart and Sustainable Cities).

Kommunane i Berekraftfylket leverte i 2020 data knytt til 92 indikatorar. Indikatorsettet dekker dei tre dimensjonane av FN sine berekraftsmål, men har tyngdepunktet i den økonomiske dimensjonen, med særleg fokus på mål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn. Indikatorarane er knytt til samfunnsområde som t.d. vatn, energi, transport, bygg, tryggleik, helse, innovasjon, utdanning og digitalisering. Resultata vart publisert i mai 2021. Det er også utarbeidd ein fylkesrapport for Møre og Romsdal. Indikatorsettet er ikkje å betrakte som ei fullstendig kartlegging av berekraftstatus i ein kommune, og resultatane bør supplerast, og tolkast med lokal kunnskap. Analysen er eit viktig kunnskapsgrunnlag, og kan nyttast som eit verkty for å måle og evaluere effekt av innsats.



Utdrag frå rapporten til Volda kommune. ([Lenke til rapport.](#))

2.5 Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Tidlegare Hornindal kommune sin samfunnsdel frå 2004 byggjer på fylgjande visjon: *“Hornindal kommune skal utvikle seg til å bli eit knutepunkt mellom regionar. Hornindal skal vere ei attraktiv bukommune som legg vekt på og vidareutviklar “det gode liv” i bygda”*. For å nå målet har ein formulert fylgjande strategiar:

- Det gode liv i Hornindal
- Utviklinga i Kjøs
- Turisme og hyttebygging
- Ei framtidretta landbruksnæring
- Kommunikasjon som nøkkel til utvikling
- Hornindal eit knutepunkt mellom regionar

I tidlegare Volda kommune sin samfunnsdel frå 2016 er folkehelse eit overordna og førande prinsipp for heile planen. Planen inneheld mål og strategiar for åtte hovudtema:

- Attraktivitet (folk, næring og trivsel)
- Busetting
- Volda i regionen
- Volda sentrum
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Tenester
- Samfunnstryggleik

Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi for Volda kommune 2020–2024 inneheld føringar for vidare arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med planstrategien vart det starta opp ein prosess knytt til FN sine berekraftsmål. Alle berekraftsmåla skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. I planstrategiprosessen vart det valt ut sju mål som skal prioriterast særleg høgt. Mål 17 Samarbeid for å nå måla, mål 16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar og Mål 13 Stoppe klimaendringane, skal ligge til grunn for organisasjonen. Saman med kommunen sine fire verdiar; (raus, modig, kompetent og lærande) representerer måla eit viktig verdigrunnlag. I tillegg er mål 3 God helse og livskvalitet, mål 4 God utdanning, mål 9 Industri, innovasjon og infrastruktur og mål 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn prioriterte mål. Dei prioriterte berekraftsmåla representerer alle dei tre dimensjonane; økonomi, miljø og sosiale forhold. Sjølv om kommunen har valt å prioritere utvalte mål, vil det vere viktig å ta i vare alle dei tre dimensjonane, og sjå samanhengen mellom måla. Det er samanhengen mellom måla og dei tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. Volda kommune ynskjer å bruke samskaping aktivt som metode for å utvikle lokalsamfunnet, løyse konkrete utfordringar og arbeide i lag mot felles mål. Planstrategien inneheld også oversikt over kommunen sine kommunedelplanar, tema- og sektorplanar.


Lokale planar og kunnskapsgrunnlag

Nokre sentrale planar og kunnskapsgrunnlag for samfunnsdelen:

- Budsjett- og økonomiplan
- Heilheitleg ROS-analyse
- Statistikk og utviklingstrekk - kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi 2020
- Kommunefakta, Volda - SSB
- Folkehelseoversikta
- Ungdata 2019
- Kvalitetsplan sektor Opplæring og oppvekst
- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling
- Status og behov Furene
- Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum
- Volda sentrum - bustadbehov og bustadareal i planforslaget
- Kulturminneplan
- Utviklingsplanen for Volda sentrum
- Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i Volda
- Kommunal handlingsplan mot vold i nære relasjonar (Sjustjerna-samarbeidet, 2021).


Folkehelseoversikta

Folkehelseoversikta skal ligge til grunn for den kommunale planstrategien, jf. folkehelseleva. Figuren under viser eit utdrag frå folkehelseoversikta. Lenke: Folkehelseoversikta, Volda kommune 2020.



Figur 4: Utdrag frå folkehelseoversikta, Volda kommune 2020.

3 Utviklingstrekk



Figur 5: Kort fortalt om Volda kommune.

3.1 Utvalte utviklingstrekk

Folketalet i kommunen er stigande. Det er først og fremst innvandring som sikrar den positive utviklinga. Det er fleire som flyttar ut av kommunen enn inn. Det vil i åra framover vere færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbygger 80 år og eldre. Dette vil påverke kommunale tenester, som t.d. helse og omsorg, kultur- og fritidsaktiviteter og økonomi. Det vil også påverke kommunen sin bustadpolitikk.

Stadig fleire bur i tomannsbustader, eller rekkehus, kjedehus og andre bygg med fleire enn tre bustader. Tal åleinebuande aukar både lokalt og nasjonalt. I Noreg er også einsemd eit aukande folkehelseproblem, noko som kan sjåast i samanheng med tal åleinebuande. Både tal og prosent del barn som lever i låginntektsfamiliar i kommunen aukar.

50,8 % av arbeidstakarane arbeidar i offentlig sektor, og næringsstrukturen skil seg frå fylket og landet elles. Høgskulen i Volda og sjukehuset er to store, viktige arbeidsplassar. Tal for pendling inn og ut av kommunen viser at det er høg utveksling av arbeidskraft mellom Ørsta og Volda. Dei to kommunane er definert som ein bu- og arbeidsmarknadsregion.

Auka nedbørmengder, fleire og større regnflaumar og auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred er nokre av dei venta endringane ein kan vente seg framover, som fylgje av klimaendringar.

Volda kommune si lånegjeld veks, disposisjonsfondet vert redusert og kapitalkostnadar stel meir og meir av dei frie inntektene. Kommunen må jobbe for å få ein berekraftig økonomi.

Les meir i dokumentet [Statistikk og utviklingstrekk, kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi](#).

4 Visjon, verdiar og prioriterte berekraftsmål

4.1 Visjon og verdiar

Volda kommune sin visjon er *Der teknologi og tradisjon møtest*. Kommunen har ein sterk historikk og gode tradisjonar. Kommunen ser også framover mot ei stadig teknologisk utvikling med stort fokus på å digitalisere samfunnet.

Volda kommune sine grunnleggande verdiar er raus, modig, kompetent og lærande. Våre felles verdiar skal vise veg og vere ei rettesnor i alt vårt arbeid. Våre felles verdiar skal drive oss framover, gjere oss tydelege og hjelpe oss med å ta avgjerder i kvardagen. Verdiane våre er også eit framtidsbilde på korleis vi ønskjer å vere. Noko å strekke seg etter.



Figur 6: Volda kommune, visjon og verdiar.

4.2 Prioriterte berekraftsmål og aktuelle problemstillinger



Figur 7: Prioriterte berekraftsmål.

Dei 17 berekraftsmåla utgjer ein heilskap, og er knytt saman på ulike måtar. Alle måla skal ligge til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, slik det er visualisert i figuren over. Nokre mål har kommunen likevel større moglegheit til å påverke enn andre, og ein kommune i utvikling må prioritere. På bakgrunn av arbeidsmøte og prosessarbeid knytt til kommunal planstrategi hausten 2020 har Volda kommune valt ut sju prioriterte berekraftsmål.

Mål 17 Samarbeid for å nå måla, mål 16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar og Mål 13 Stoppe klimaendringane, skal ligge til grunn for organisasjonen. Saman med kommunen sine fire verdier; (raus, modig, kompetent og lærande) representerer måla eit viktig verdigrunnlag.

I tillegg til dei grunnleggande målsettingane har kommunen valt ut fylgjande mål, som ein ynskjer å prioritere høgt; **mål 3 God helse og livskvalitet, mål 4 God utdanning, mål 9 Industri, innovasjon og infrastruktur og mål 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn**. Volda kommune ynskjer å bruke samskaping aktivt som metode for å utvikle lokalsamfunnet, løyse konkrete utfordringar og arbeide i lag mot felles mål. Volda kommune ser framover - *der teknologi og tradisjon møtest*.

Dei prioriterte berekraftsmåla representerer alle dei tre dimensjonane; økonomi, miljø og sosiale forhold. Sjølv om kommunen har valt ut prioriterte mål, vil det vere viktig å ta i vare alle dei tre dimensjonane, og sjå samanhengane mellom måla. Det er samanhengen mellom måla og dei tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig.



Å ivareta og utvikle samfunnet er eit felles ansvar, og krevjar innsats både frå kommunen, politikarar, næringsliv, innbyggjarane og andre. Skal vi lykkast er vi avhengige av felles innsats mot same mål. Volda kommune har eit utstrakt samarbeid på tvers av fagområde og kommunegrensar; både med Ørsta kommune og med kommunane i justjerna. Samarbeid førar til vidareutvikling og læring, og kan gi innsparing og effektivitet.

“Kommune 3.0” er eit omgrep som har fått eit visst fotfeste i Noreg, og som kan knyttast til omgrepet “samskaping”. Kommune 1.0 var formyndarkommunen i etterkrigstida, der kommunen bestemte “ovenfrå og ned”. Gradvis endra kommunane seg til å verte “servicekommunar” (kommune 2.0), der brukarar bestiller og kommunen leverer tenester. Nå ser ein i kommune-noreg ei ny endring mot det som vert kalla kommune 3.0, “samskapingkommunen”, der sivilsamfunnet tek ein større og meir aktiv rolle i å utvikle lokalsamfunnet, og der administrasjonen si oppgåve i større grad handlar om å fasilitere, støtte og skape fellesskap.

Volda kommune ynskjer å bruke samskaping aktivt som metode for å utvikle lokalsamfunnet, løyse konkrete utfordringar og arbeide i lag mot felles mål. Døme på gjennomførte samskapingssprossar med næringsliv og

sivil sektor er t.d. Volda Campus Arena, skisentra, idretts- og aktivitetsanlegg på Rotset, Høndalshallen og ulike sentrumsutviklingsprosjekt.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis klarer vi å fange opp og nyttiggjere oss lokale initiativ, og den «krafta» som ligger i ressurssterke innbyggjarar og grupperingar?
- På kva måtar bidreg sivil sektor i kommunale tenester i dag, og korleis kan sivil sektor i enda større grad brukast som ressurs?
- I kva konkrete prosjekt er det aktuelt å tenkje samskaping med næringsliv og sivil sektor?
- Kva skal til for at kommunen skal verte betre på samskaping?
- Korleis fungerer samarbeidet med andre kommunar i dag, og er det område samarbeidet bør styrkast/ vidareutviklast?
- Korleis styrke samarbeidet med akademia og næringslivet?
- Korleis sikre vidare utvikling av eit mangfaldig kultur- og idrettstilbod og aktivt frivillig arbeid?

	Kommune 1.0	Kommune 2.0	Kommune 3.0
Kommunen er...	ei myndigheit	ein organisasjon	eit lokalsamfunn
Kommunen møter innbyggjarar som...	undersattar	kundar	ressurssterke og aktive samfunnsborgarar
Politikarane si oppgåve er..	å ta avgjerdse i enkeltsaker	å styre organisasjonen	å leie lokalsamfunnet
Politikarane fungerer ved å...	handsame saker på formelle møte med formell dagsorden	setje mål og økonomiske rammer i dialog med fagfolk og kundar	prege dagsorden og stimulere aktiviteten i lokalsamfunnet
Politikarane har kontakt med...	få innbyggjarar i samband med avgjerdse i enkeltsaker	fleire innbyggjarar gjennom råd, innbyggjarinvolvering og planlegging	mange fleire innbyggjarar gjennom arrangement, møteplassar og involvering frå aktive innbyggjarar
Suksesskriteriar for den gode kommunen er...	rettstryggleik	fagleg kvalitet, fornøgde kundar og effektivitet	eit attraktivt og innovativt lokalsamfunn der alles ressursar er i spill
Den gode medarbeidar er fagleg dyktig og er...	oppteken av det korrekte og rettferdige	serviceinnstilt	oppteken av å finne ressursane hos alle, skape fellesskap, fasilitere og støtte
Den gode leiaren er...	god til å hugse reglar	god til å styre	god til å leie

I KS sin stordata-analyse av nasjonale og globale trendar 2018–2023 vert polarisert samfunn og aukande elitemotstand peika på som trendgruppa som vil vekse raskast i tida framover. Ein antek at politisk og kulturell polarisering vil auke, og at tilliten til både politiske, økonomiske og kulturelle elitar vil falle. Eit velfungerande demokrati prega av openheit og tillit er avgjerande for ein velfungerande kommune.

Eit trygt og velfungerande samfunn er også grunnleggjande føresetnader for å kunne nå øvrige målsetnader og visjonar. Førebyggjande arbeid innan kriminalitet, beredskap og samfunnstryggleik er viktig for å sikre eit trygt samfunn.

Volda kommune har eit godt system for innsyn, og varslings- og avvikssystem. Kommunen har høgare valdeltaking enn snittet for fylket og landet, men berre 21 % av medlemne i kommunestyret er kvinner. Det er ei utfordring å rekruttere eit tverrsnitt av innbyggjarane inn i demokratiske organ.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis rekruttere eit tverrsnitt av innbyggjarane inn i demokratiske organ?
- Har vi tilstrekkeleg fokus på openheit, tillit og allmenn tilgang til informasjon?
- Korleis sikrar vi at «røysta» til dei «stille» vert løfta fram?
- Korleis fungerer lokaldemokratiet i kommunen vår i dag?
- Korleis kan vi styrkje lokaldemokratiet i kommunen?
- Korleis sikre ei innbyggjarmobilisering som er representativ?
- Korleis sikre ei breiare demokratiutvikling?
- Korleis bevisstgjere innbyggjarar til å ta berekraftige val?



Homndøla bru.

Mengda klimagassar held fram med å auke, og klimaendringane skjer raskare enn antatt. Effektane av klimaendringane er synlege over heile verda. Kommunen har gjennom sin verksemd og planlegging moglegheit til å påverke fleire av dei store utsleppskjeldane, som t.d. utslepp frå trafikk, energibruk i bygg og utslepp knytt til innkjøp av varer og tenester.

Klimaendringane kan bidra til store øydeleggingar på infrastruktur og eigedom. Kommunane har ei nøkkelrolle og eit generelt ansvar for tryggleiken til innbyggjarane. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik omfattar både førebygging, beredskap og krisehandtering. Kunnskap om fareområde og klimatilpassing er viktig for å førebygge skader.

Det er gode ordningar for avfallshandtering i kommunen, og det er stor utvikling på området. Kommunen har dei seinare åra hatt aukande fokus på tiltak for å redusere energibruk i bygg. Dette vil også vere eit viktig tema i åra framover.

Menneskeleg aktivitet påverkar økosystemene og naturen rundt oss. FN sitt naturpanel meiner at tapet av naturmangfald er ein like stor trussel som klimaendringane. Kunnskap om naturverdiar i kommunen er viktig for å ta i vare naturmangfaldet.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis kan vi utvikle gang- og sykkelnettet, og legge betre til rette for miljøvenlege transportmiddel?
- Korleis kan kommunen i større grad ta miljøomsyn og fremme klimavennelege løysingar ved innkjøp av varer og tenester?
- Korleis fungerer rutinar for avfallshandtering ved kommunale bygg og institusjonar?
- Kva målsettingar har kommunen for energi- og klimatiltak i eigen byggeaktivitet og framtidige byggeprosjekt?
- Korleis sikre målretta arbeid med klimatilpassing og samfunnstryggleik i planlegginga?
- Kva skal ein legge vekt på i arbeidet for å sikre lågutslepp frå samfunnet?
- Korleis kan vi måle resultatata av lokale klimamål?
- Korleis kan ein redusere tap av naturmangfald i kommunen?



Blomstereng.



I følge Verdas helseorganisasjon er det berre ti prosent av befolkninga sine helseproblem helsetenesta kan gjere noko med. Dei resterande 90 prosentane vert påverka av tilhøve utanfor helsetenesta. Difor er det også avgjerande at innbyggjarane sjølv og alle sektorane i kommunen tek aktiv del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal kunne meistre liva sine og få nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg.

Ressursprioriteringa i helsetenesta har historisk vore prega av reparasjon. Dette er dyrt, og over tid gir dette negativ effekt i tenestekjeda. Folkehelselova legg ansvar på kommunane for å ha oversikt over helsetilstanden i kommunen, og å leggje til rette for at folk har god helse. Ressursinnsatsen i tenestekjeda bør i størst mogleg grad dreiest til tidleg innsats. Dette gjeld særleg i høve til barn og unge, men også i tenestene retta mot vaksne som treng omsorg. Livskvaliteten aukar ved meistring i alle livsfasar, og når individa er meir sjølvhjelpne vil også behovet for tenester verte redusert.

Folkehelse handlar om førebyggjande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at kommunen har et meistringperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for alle planar.

Levealderen for kvinner i Volda er 7. høgast i landet. Kommunen har høg grad av fagkompetanse i helse- og omsorgssektoren og får gode tilbakemeldingar på tenestene. Folkehelseoversikta peikar på utfordringar knytt til folkehelse. Einsemd, aukande sosiale skilnadar og auke i personar med depressive symptom er blant nokre av utfordringane. Forsørgjarbyrda vil også halde fram med å auke i åra framover. Det er utfordrande å tilby gode helse- og omsorgstenester i heile kommunen.

Likeverdig tilgang til trygt drikkevatt er ein viktig føresetnad for innbyggjarane si helse. Volda har 50 % lekkasje på leidningsnettet, og manglar kommunal avløpsreinsing fleire stadar.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis møter vi tenesteutfordringar med berekraftige løysingar?
- Korleis kan vi dreie ressursane over mot førebygging og tidleg innsats?
- Korleis organisere tenestene for å kunne gi forsvarlege tenester til alle innanfor tilgjengelege ressursar?
- Korleis legge til rette for at fleire kan bu heime lenger?
- Kva kan vi gjere for å motverke einsemd?
- Korleis kan vi motverke sosiale skilnadar?
- Korleis utviklar vi eit godt oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livsstilssjukdommar?
- Korleis kan vi legge til rette for meir fysisk aktivitet for alle aldersgrupper?
- Korleis kan vi sikre godt kvalifiserte tilsette i alle einingar?
- På kva måtar kan ein tenkje samskaping i helse- og omsorgssektoren?
- Korleis skal vi sikre likverdig tilgang til trygt drikkevatt til ein overkomeleg pris?



Dagsturhytta, Hornindal.

Berekraftsmål 4 skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.

Alle barn og unge skal ha like moglegheiter til å utvikle evnene sine. Barnehagebarn og skuleelevar i heile kommunen skal oppleve læring, mestring og fellesskap, og de skal kunne føle seg trygge. Kommunen har ei viktig rolle i å bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og mogelegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet. Både for tryggleik, trivsel og utvikling er det viktig at born og unge møter godt kvalifiserte tilsette.

I Volda kommune er det ni offentlege og sju private barnehagar. Det er ein ungdomsskule, fire barne- og ungdomsskular og fire offentlege barneskular. I tillegg er det ein privat barneskule. Korleis skulestrukturen vert organisert avhenger ma. av elevtal. Låge elevtal har vore og er ei utfordring på somme av bygdeskulane.

Stortinget vedtok i 2017 ei barnevernsreform som gjev kommunane auka ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette inkluderer også meir ansvar for oppfølging av fosterheimar.

Del låginntektsfamiliar i Volda har auka med 50,4 % på 10 år, og sosiale skilnader aukar. Volda kommune har full barnehage- og SFO-dekning, og arbeidar førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremmande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Alle barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

“It takes a village to raise a child” er eit kjent afrikansk ordtak. Det er mange som er med på å skape eit godt oppvekstmiljø. Både barnehagar, skular, SFO, fritidstilbod, foreldre, familie, nabolag, næringsliv og andre påverkar korleis det er å vekse opp i lokalsamfunnet. Samarbeid på tvers av institusjonar og aktørar er viktig for å sikre gode oppvekstvilkår. Volda har eit rikt lag- og organisasjonsliv. Frivillig arbeid og eit mangfald av fritidsaktivitetar er ein styrkje i arbeidet med å skape eit levande lokalsamfunn og gi barn og ungdom ein god oppvekst.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis sikre likeverdig tilbod og gode tenester til alle barn/elevar i heile kommunen?
- Korleis sikre godt kvalifiserte tilsette i alle einingar?
- På kva måtar kan ein tenkje samskaping i oppvekstsektoren?
- På kva måtar kan vi styrke tverrfagleg samarbeid for å sikre ei heilskapleg oppfølging?
- På kva måtar sikrar vi tidleg innsats og førebyggjande arbeid?
- På kva måtar kan vi motverke sosiale skilnader?
- Korleis kan vi vidareutvikle eit inkluderande lag- og organisasjonsliv?



God utdanning.

Fleire og meir komplekse oppgåver i kommunesektoren, kombinert med stram økonomi, gjer det utfordrande å halde oppe kvalitet i tenestene. Innovasjon i teneste- og samfunnsutviklinga er ein strategi for å møte desse utfordringane. Kommunen kan også ha mykje å hente på å ta i bruk ny teknologi og nye digitale løysingar i tenestene. Ein sikker digital infrastruktur av høg kvalitet i heile kommunen er ein viktig føresetnad.

Transportinfrastruktur har betydning for innbyggjarane sin tilgang til arbeid, tenester, varer og fritid, for bedrifters tilgang på arbeidskraft og samarbeid. Både fysisk og digital infrastruktur knytter små og store bu- og arbeidsmarknadsregionar saman.

God infrastruktur for vatn og avlaup er ein føresetnad m.a. for befolkningsvekst og for å kunne møte klimaendringane. Oppgradering av infrastruktur for vann og avløp er naudsynt for å forsyne innbyggjarar med reint og sikkert drikkevatt og for å kunne handtere avlaupsvatt på ein trygg måte.

Innovasjon handlar også om å identifisere og sikre brei kunnskap om endringsbehovet. Volda kommune sin visjon *Der teknologi og tradisjon møtest* uttrykkjer nytenking bygt på eigen identitet. For å stimulere til skaparkraft og kreativitet bør kommunen vere ein god tilretteleggjar både som samfunnsaktør og arbeidsgjevar. Barnehagar i kommunen jobbar med pedagogikk som fremmar innovasjonskultur, og skulesektoren gir elevane undervisning i programmering. Vi har dyktige teknologibedrifter og academia i kommunen. Moglegheitene som ligg i samhandling og samskaping mellom offentleg sektor, sivilsamfunn og næringsliv bør prioriterast.

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis nytte ny teknologi og nye digitale løysingar som ein aktiv del av tenesteutviklinga?
- Korleis sikre sikker digital infrastruktur i tenestene våre?
- Korleis kan vi sikre god fysisk og digital infrastruktur i heile kommunen?
- Korleis jobbar kommunen med innovasjon i dag, og korleis bør ein jobbe meir aktivt med dette framover?
- Korleis identifisere og sikre brei kunnskap om endringsbehov?
- Korleis stimulere til eit breitt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringar i innovative partnerskap med ulike samfunnsaktørar, næringslivet og sosiale entreprenørar?
- Korleis kan næringsliv og kommunen spele kvarandre gode?
- Korleis nytte møteplassar og nettverk for å sikre samspel mellom lokalt næringsliv og kommunen? Kva er kommunen si rolle?
- Korleis kan vi vere ein pådrivar for samarbeid med eksterne FoU-miljø?
- Korleis sikre tilstrekkeleg med næringsareal?



Kommunale el-bilar.

Volda kommune er ein kommune i vekst, og er, saman med Ørsta kommune, eit regionalt knutepunkt. Volda sjukehus og Høgskulen i Volda er to store, offentlege arbeidsplassar. Både lokalt, regionalt og nasjonalt ser ein ein tydeleg sentraliseringstrend. For å sikre eit lokalsamfunn i utvikling må ein legge til rette for vekst i arbeidsplassar og auka busetting. Eit velfungerande sentrum er ein nøkkelfaktor for å vere ein attraktiv bu- og arbeidsregion. Volda og Grodås sentrum er kommunen sine største tettstader, der Volda er det klare hovudsenteret. Dei seinare åra er det realisert fleire større utviklingsprosjekt; Volda Campus Arena, tursti i Elvadalen, idretts- og aktivitetsanlegg på Rotset og utvikling av høgskuleområdet. Furene er, saman med Hovdebygda i Ørsta kommune, eit regionalt viktig handels- og næringsområde.

Lokalsentra i kommunen har viktige funksjonar, fungerer som møteplassar på bygdene og bidreg til sterke og attraktive lokalsamfunn i heile kommunen. Havbruk og landbruk er viktige næringer. Satsing på digital og fysisk infrastruktur vil knytte tettstadene og bygdene enda betre saman.

Volda kommune ynskjer å utvikle eit lokalsamfunn som er attraktivt for handel, tenesteyting, næringsutvikling og busetnad. Tettstadsutvikling er eit viktig satsingsområde.

Aktuelle problemstillingar:


- Korleis sikre ein trygg, inkluderande, attraktiv og aktivitetsskapande tettstad?
- Korleis skape vekst og mangfald i tilbodet av arbeidsplassar?
- Korleis styrke kommunen sin attraktivitet som handels- og næringsdestinasjon?
- Korleis vidareutvikle attraktive sentrum?
- Kva vil ein at Volda sentrum skal vere for bygdene og kva skal bygdene vere for Volda sentrum?
- Kva funksjonar skal ein ha i dei ulike lokalsentra på bygdene?
- Korleis auke busettinga både i tettstadene og på bygdene?
- Korleis legge til rette for eit aldersvenleg samfunn?
- Korleis sikre tilgang til tilfredsstillande og trygge bustadar til ein grei pris?
- Korleis arbeide for ein berekraftig tettstadsutvikling?
- Korleis utvikle trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem?
- Korleis vidareutvikle turvegar og friluftslivsområda?
- Korleis førebygge uønskte hendingar?
- Korleis sikre eit levande landbruk?
- På kva måtar kan ein tenkje samskaping for å realisere tettstadsutviklingsprosjekt?



Volda Campus Arena.

5 Medverknad og framdrift

5.1 Organisering og opplegg for medverknad



Figur 8: Organisering av kommuneplanarbeidet.

Figur 8 viser organiseringa av planarbeidet. Kommunestyret skal, i følge plan- og bygningslova, gjere politiske vedtak vedrørande planarbeidet. Formannskapet er planutval og kommunedirektøren er prosjektansvarleg. Kommunedirektøren si leiargruppe vil vere den administrative styringsgruppa, og kommuneplanleggar skal vere prosjektleiar for arbeidet.

Kommunen ynskjer å legge opp til ein brei medverknadsprosess, nytte ulike medverknadsmetodar og sikre aktiv medverknad frå ulike grupper. Ein ynskjer å involvere barn og unge i prosessen, og ser for seg å nytte barnehagane, skulane og ungdomsrådet som arena. Det vil vere viktig å sikre medverknad frå innbyggjarar i heile kommunen, og det er ynskjeleg å involvere grendalaga.

Ein ynskjer også å involvere næringsliv, studentar, frivillige lag og organisasjonar, kyrkjer og livssynssamfunn, akademia, NAV og andre institusjonar i planarbeidet, t.d. gjennom fysiske eller digitale temamøter, webinar og sofadiskusjonar. Den er viktig å sikre brei politisk deltaking og involvering, og politiske råd og utval skal nyttast på ulike måtar (kommunestyret, formannskapet, ungdomsrådet, elderrådet, råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne, tenesteutval for forvaltning og utvikling, tenesteutval for helse og omsorg og tenesteutval for oppvekst og kultur). Det er planlagt ei eiga temasamling/konferanse med kommunestyret. Ein vil også nytte administrative arbeidsgrupper med representantar frå dei ulike sektorane i kommunen.

Som ein del av kommuneplanarbeidet er det planlagt å produsere animasjonsfilmar knytt til dei ulike berekraftsmåla. Filmene skal nyttast for å spreie kunnskap om dei ulike tema, og som grunnlag for refleksjon og diskusjonar. Det er også planlagt å gjennomføre ei lokaldemokratiundersøking.

Kommuneplanprosessen er ein arena for å spreie kunnskap om kommunen, sette ulike tema på dagsorden, diskutere viktige utfordringar og skape engasjement og refleksjonar. Eit av måla med medverknadsprosessane er å få konkrete innspel til mål og strategiar i plandokumentet, men å få til gode prosessar er også eit mål i seg sjølv. Figur 8 viser ulike fora ein ser for seg å nytte, men vidare konkretisering og metodebruk er under utvikling. Ein ynskjer å nytte heimesida til kommunen (volda.kommune.no), sosiale media og lokalavisene aktivt i prosessen.

5.2 Framdriftsplan

Figur 9 viser ein skjematisk framstilling av framdriftsplanen. Både planprogram og utkast til plan skal handsamast politisk og sendast ut på høyring og offentlig ettersyn, jf. plan og bygningslova. Det er kommunestyret som skal vedta planen.

		2021												2022						
		01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12	01	02	03	04	05	06	07
Fase 1: Planprogram	Utarbeide planprogram	■	■																	
	Planprogram - intern høyring/prosess		■																	
	Saksflyt (10 dagar FSK)		■																	
	Varsel om oppstart, vedtak om høyring og offentlig ettersyn (FSK)			■																
	Høyring og offentlig ettersyn planprogram (6 veker)			■	■															
	Merknadshandsaming planprogram					■														
	Saksflyt (3 veker FSK og KST)					■	■													
	Vedtak planprogram KST						■													
Fase 2: Utarbeiding planframlegg	Utforming av planframlegg med medverknad							■	■	■	■	■								
	Ferdigstille utkast til planframlegg											■	■							
	Intern høyring planframlegg												■	■						
Fase 3: Høyring og vedtak	Saksflyt (10 dagar FSK)													■	■					
	Vedtak om høyring og offentlig ettersyn FSK													■	■					
	Høyring og offentlig ettersyn samfunnsdelen (6 veker)													■	■	■				
	Merknadshandsaming																■			
	Saksflyt (3 veker FSK og KST)																	■		
	Politisk vedtak samfunnsdelen (KST)																		■	■
	Innarbeiding av føringar i handlings- og økonomiplan																		■	■

Figur 9: Skjematisk framstilling av framdriftsplanen for kommuneplanen sin samfunnsdel.

5.4 Utgreiingar

I samband med kommuneplanprosessen er det behov for fylgjande utgreiingar:

- Rapport KPI-evaluering, FN sine berekraftsmål.
- Kunnskapsgrunnlag klima og energi (jf. SPR for klima og energiplanlegging og klimatilpassing)

5.5 Ressursbehov

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har tildelt Volda kommune 500 000 kr i skjønsmidlar til utarbeiding av kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel. Personalressursar kjem i tillegg. Det er ikkje avdekt behov for meir midlar ut over dette.